



KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Vår ref
2022/1075-38

Dykkar ref

Saksbehandlar
Sigurd Vie Alme
tlf:91784800

Dato
14.05.2025

Lesja kommune uttale til høyring: Tiltaksplan for Snøhetta villreinområde

Lesja kommunestyre behandla uttale til klima- og miljødepartement sin høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde i sak 2025/24 den 08.05.25. Vedtaket lyder som følger:

Innspel frå Lesja kommune til klima- og miljødepartementet si høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde:

Hovudmoment frå Lesja kommune

- Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.
- Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gjev effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt. o Lesja kommune foreslår nedgraving av kraftlinjer som deler Snøhetta villreinområde i vest og aust og fjerne kraftlinja, Osbulinja, som deler Snøhetta villreinområde i aust og vest. Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.
- Staten bør setje av meir ressursar til forskning for å betre kunnskapsgrunnlaget for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr. Sett i samanheng med resultatet av slik forskning og faktum at havørnbestanden har meir enn dobla seg sidan 2002 (<https://snl.no/hav%C3%B8rn>), bør forvaltinga vurdere om bestandsmåla og samansetninga av villreinstammen er riktig.
- Det må følgje økonomiske kompensasjon for å dekke auka kostnad eller reduserte inntekter ved gjennomføring av tiltak.
- Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs, og det er ingen gjennomkøyringsveg der.
- Militæret sin aktivitet i villreinområder bør reduserast i sårbare periodar og i utvalde områder. Militæret er ein del av den totale belastninga i området.

Lesja kommune er positiv til følgjande tiltak, liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Tiltak 1 Statlege planretningslinjer
- Tiltak 4 Revidering av regionalplan for villreinområde
- Tiltak 6 Villreinnemnd høyringspart

- Ein variant av tiltak 17 alternativ 2 Redusert opningstid Dalsidevegen med lokalt bestemte opningstidspunkt. Vegen må opnas før 1.juni, og mot vinteren stenger vegen seg sjølv. stenging av vegen dersom villrein trekker inn i området er positivt.
- Tiltak 18 Campingforbod for villcamping langs Dalsidevegen.
- Tiltak 29 Unngå tilrettelegging for ferdsel inn i villreinområde på Bjorli. Lesja kommune arbeider aktivt saman med lokale aktørar og frivillige organisjonar medkanalisering av ferdsel med omsyn til villrein i heile kommunen.
- Tiltak 30 Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trasé. Løypelaget har lagt om fjelløypa som i praksis har gjort løpene om til 1 samanhengande trase i utkant av fjellområde.
- Tiltak 50 Samarbeid med beitenæringa om saltsteinplassar og parasittbehandling der det er akseptert lokalt. Tiltak må vere frivillige og det må ikkje føre til nye byråkratiske prosessar for beitenæringa. Saltsteinplassar er nødvendig for å kunne drive utmarksbeite.
- Lesja kommune er positive til auka kunnskap, tiltak for forskning og formidling.
- Lesja kommune er positive til reduksjon av motorferdsel i utmark.
- Stenge Snøheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år.
- Stenge Reinheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år. Forbu mot fuglehundprøver vest for E6 over Dovrefjell.
- Fjellvegen på Lesjaverk er åpen for alminnelig ferdsel fra 1. juni til vinteren stenger vegen, med unntak av bruk knyttet til landbruksnæring, oppsyn og tilsyn.
- Sandgrovbottvegen stenges for motorisert ferdsel, men unntak av landbruksnæring, kraftregulant, oppsyn og tilsyn.

Lesja kommune er negative til følgjande tiltak liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Lesja kommune er negative til tiltak som redusere det lokale sjølvstyret.
- Tiltak 2 Revidering av rundskriv T2/16. Dette kan føre til at Statsforvaltaren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyret. Ved ei eventuell gjennomføring av revidering må det skiljast på kva som er store og små tiltak. Små tiltak kan til dømes vere mindre utvidingar av eksisterande bygg, oppføring av utedo og vedskjul mm. Store tiltak kan til dømes vere oppretting av nye hyttefelt, vindmøller.
- Tiltak 17 alternativ 1 med redusert opningstid av Dalsidevegen.

[slutt]

Saksprotokoll med utgreiing er vedlagt.

Ved ein eventuell førespurnad ber vi om at saksnummeret, som er 2022/1075, blir oppgjeve.

Med helsing

Sigurd Vie Alme
Avdelingsleiar

Forvaltning

Dokumentet er elektronisk og sendast utan signatur.

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Behandling av høyring: Tiltaksplan for Snøhetta villreinområde

Kopi til:

DOVRE KOMMUNE	Kongsvegen 4	2662	DOVRE
OPPDAL KOMMUNE	Postboks 1	7341	OPPDAL
SUNNDAL KOMMUNE	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
MOLDE KOMMUNE	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
RAUMA KOMMUNE	Vollan 8A	6300	ÅNDALSNES



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2022/1075-34

Saksbehandlar: **Sigurd Vie Alme/Marit Svanborg**

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/13	29.04.2025	Forvaltningsutvalget
2025/17	30.04.2025	Formannskapet
2025/24	08.05.2025	Kommunestyret

Behandling av høyring: Tiltaksplan for Snøhetta villreinområde

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet sendte den 04.03.25 forslag til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde på høyring til 4. juni 2025. Høyringsnotat og forslag tiltaksplan for Snøhetta villreinområde er vedlagt.

Lesja kommune har i prosessen for tiltaksplan gitt 2 uttaler, dei er vedlagt.

- Kommunestyre vedtok uttale den 22.06.23 til Statsforvalteren i Trøndelag som leda prosjektgruppa som arbeida med forslag til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde.
- Formannskapet vedtok uttale den 26.09.24 til Klima- og miljødepartementet etter at statssekretæren opna for innspel på det offentlege møte 03.09.24.

Snøhetta villreinområde vart i 2022 klassifisert til dårleg kvalitet i Kvalitetsnorm for villrein. Måleparameter som vart klassifisert er vist under:

Måleparameter	Dårlig	Middels	God
Kjønns- og alderskorrigert slaktevekt på kalv	X		
Antall kalver per 100 simle og ungdyr	X		
Andel eldre (≥ 3 år) bukk per voksen (≥ 1 år) simle		X	
Genetisk variasjon			X
Helsestatus – forekomst av alvorlig meldepliktig sykdom		Brukes ikke	X
Lavbeiter		X	
Funksjonell arealutnyttelse			X
Funksjonelle trekkpassasjer	X		

[Lenke til kvalitetsnorm, NINA rapport 2126](#)

[Lenke til delnorm 3, leveområde og menneskeleg påverknad i Snøhetta villreinområde](#)

Lesja kommune har i prosessen for tiltaksplan gitt 2 uttaler vist under, dei er også vedlagt.

- Kommunestyret vedtok uttale den 22.06.23 til Statsforvalteren i Trøndelag som leda prosjektgruppa som arbeida med forslag til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde:

Hovudintensjon til foreslått tiltak er å betre forhalda til villreinen i Snøhetta området.

Hovudmålet bør vere å betre vest-aust trekkvegen i Torbuhalsen, og redusere det samla trykket i leveområdet med særleg fokus ved Snøheimvegen og Stropsljødalen.

1. *Det må vere lokal myndigheit som vedtar og gjennomføre tiltak i eigen kommune. Tiltaka må utarbeidast i tett dialog med alle brukarinteresser - landbruk, reiseliv, bygg- og anleggsnæringa og deltidsinnbyggjarar.*

2. *Fokusere på store tiltak som kan gje god og langsiktig effekt framfor mange små lokale tiltak.*
 3. *Bestandsmåla til rovdyr må haldast. Det må innførast handlingsrom til forvaltninga for å effektivt iverksette tiltak for kontrollere bestanden i tråd med bestandsmål.*
 4. *Fjerning av infrastruktur i fokusområde Torbuhalsen, ved jordkabel av kraftleidningane, fjerning av veg eller organisatoriske ferdselstiltak av vegen.*
 5. *Fjerne unødige kraftlinjer som går gjennom villreinområde. Td fjerne 1 kraftlinje som går gjennom dalsida.*
 6. *Redusere motorisert ferdsel i villreinens leveområde. Td avgrense tal leigekøyrar til maks 8 stykk i kvar kommune.*
 7. *Fulldekande økonomisk stønad for omlegging av langrennstrasear som kan bidra til å redusere ferdsel inn i sårbart område, og fulldekande stønad for å auke kunnskap om bruken av ferdselsårar (som ferdselsteljarar).*
 8. *Tilskot til tilrettelegging bort frå villreinfjellet langs med dalføret. I Lesja kommune gjeld det særleg aktuelt ved Bjorli for å arbeide forebyggjande.*
 9. *Opprette punkt for kunnskapsformidlings på Bjorli om villrein og sårbar høg fjellsøkologi.*
 10. *Fjerne digital framvising av stiar som kryssar fjellområde eller som går inn i sårbart område.*
 11. *Arbeide vidare med å kanalisere ferdsel ved Korsvoll og Hjerkin, for å reduserer eller kontrollere den uorganiserte ferdselen vest for E6.*
 12. *Auke samarbeidet mellom forvaltninga og næringslivet. a. Sertifisering av guidefirma, auke kunnskapsformidling og kontroll.*
 13. *Prøveprosjekt: Ferdsel i sårbare områder kan berre utførast i samband med guide.*
 14. *Prøveprosjekt: Stenging av Snøheim og Snøheimvegen, landbruksnæringa kan framleis bruke vegen ved behov.*
 15. *Rettighetshavarane og fjellstyra bør vurdere om tiltak i jakta kan eller bør endrast (eks. jakttid, fellesjakt, kvote)*
 16. *Det må ikkje påleggjast restriksjonar som er til hinder for utleige av seter som ei tilleggsnæring i landbruket.*
 17. *Forsvaret må legge sin øvingsaktivitet med lavtflyging med jagerfly over Snøhetta villreinområde utenom kalvingstida.*
- Formannskapet vedtok uttale den 26.09.24 til Klima- og miljødepartementet etter at statssekretæren opna for innspel på det offentlege møte 03.09.24.

Hovudmoment frå Lesja kommune

- Lesja kommune har lang erfaring med villrein, dette har gitt oss eit godt kunnskapsgrunnlag lokalt. Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.
 - Ved eventuell statlege tiltak må det følgje økonomiske kompensierende tiltak.
- Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gir effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt.
 - Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det ikkje er verna og har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs.
- Lesja kommune har over lenger tid foreslått endring av statleg infrastruktur, som fjerning og nedgraving av kraftlinjer som delar Snøhetta villreinområde i Vest og Aust. Snøhetta er kategorisert som raud pga mangelfull trekk vest-aust.
- Lesja kommune meiner det bør gjerast meir forskning på rovdyr sin effekt på villreinen, særleg no som bestanden er svekka/reduert, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.

Tiltak som bør implementerast i tiltaksplanen

Under følger tilleggsmoment som Lesja kommune meiner burde bli lagt til lista av tiltak for villreinen i Snøhetta villreinområde.

1. Betre kunnskapsgrunnlaget for rovdyr sin effekt på villrein.

Det er viktig å kjenne til alle påverknadane som kan gi direkte utslag på villreinbestanden. Dagens rovdyreffekt på villrein er basert på forskning som er gjort på tamrein, det fram står usikkert om dette er kunnskap som er direkte overførbar til villrein. Lesja kommune foreslår derfor at det avsettast midlar til forskingsprosjekt for å finne samhandlinga mellom rovdyr og villrein, og korleis bestandstørrelsen på rovdyr påverkar villrein.

Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, dei siste åra. Lesja kommune arbeider aktivt med korleis beitenæringa og rovdyr kan ha eit fornuftig sameksistens, derav prosjektet "*Bærekraftig sameksistens mellom sau og jerv i utmark*".

2. Effektivisering av skadefelling av rovdyr

Dagens løysingar for felling av rovdyr fungerer ineffektivt i fjellheimen. SNO eller fjelloppsyn som sitter med oppdatert kjennskap og større handlingsrom bør få tildelt oppgåve med skadefelling, framfor at kommunen sjølv skal organisere det. Ved ei meir effektiv jakt vert det mindre personar som går djupt inn i fjellheimen i områder det elles er lite til ingen ferdsel.

3. Fjerne kraftlinje, Osbulinja

Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.

4. Nedgraving av kraftlinje i utvalde områder

Lesja kommune foreslår at ein legger kraftlinjer i utvalde områder under bakken for å redusere barrierar for villrein. Aktuelt område for dette er td ved Torbuhalsen på eit ca 3 km langt strekke. Dette i samheng med andre tiltak kan ein potensielt få eit viktig kryssingspunkt mellom Snøhetta vest og aust fritt frå menneskeleg infrastruktur.

Tiltak som bør fjernast frå tiltaksplanen

Under følger liste av tiltak som Lesja kommune er negative til, og ein meiner at tiltaka bør fjernast frå tiltaksplanen for å bevare vårt lokalsamfunn.

1. Kortare opningstid på Dalsidavegen

Den forventa effekten av tiltaket er lågare enn det forslaget legger opp til, og tiltaket kan i verste tilfelle føre til auka ferdsel over fjellområde. Bruken av Dalsida er liten samanlikna med andre delar av villreinområde som td Torbudalen og Hjerkin. Vidare så skil Dalsida seg ut ved at den har eit tydeleg landbrukspreg med aktivt setermiljø og beitebruk for slepp, tilsyn og sank. Seter og hytter på Dalsida er i hovudsak eigd av lokale personar eller personar med lokal tilhøyrse, og bruken er i hovudsak avgrensa på vinteren til vinterferien og påska. Om vegen vert stengt, vil det auka snøskuter ferdsel for frakt av proviant og brensel medan mange vil krysse over fjellområde til seter og hytter.

Redusert opningstid vil i eit lengre perspektiv føre til redusert økonomi i vegstyre og redusere ferdselsvegen til viktig landbruksressurs.

2. Tiltak - Ta planer om vidare utbygging av alpinanlegg og hytteområde på Bjorli ut av den gjeldande kommuneplanens arealdel

Bjorli og vidareutvikling av fritidsdestinasjonen er livsnerve til Lesja kommune. Lesja kommunen investere betydeleg for å legge til rette for vidare utvikling i dalbotnen. Oppheving av vidare utbygging på Bjorli vil gi betydeleg negative verknad for Lesja kommune og lokalsamfunnet i sin heilheit.

Lesja kommune arbeider aktivt for tilrettelegging av ferdsel i dalbotnen og kanalisere ferdsel utanfor leveområde til villrein. Lesja kommune har årleg satt av midlar i budsjettet til kanalisering i dalbotnen og utvikling av aktivitetstilbodet i dalbotnen. Lesja kommune har oppført dagsturhytte utanfor leveområde til villrein, Rånåbue, og det er

lokalt engasjement for villrein som at Bjorli-Lesja løypelag har lagt om langrennstrase for å redusere ferdsel inn i fjellområde.

3. Innføre statlege planføresegn

Lesja kommune meiner det er heilt sentralt å bevare lokal myndigheit. Det er forskjell på lokasjonar og enkeltsaker som gjer at ein lokalt har heilt klart best forutsetningar for ei god vurdering til å fatte vedtak i dei enkelte sakane.

4. Planvask av kommunale planar

Lesja kommune skal revidere kommuneplanens arealdel. Naturleg at ein lokalt sjølv vurderer kva areal som skal vidareførast eller ikkje.

5. Ikkje tillate nye hytter eller utviding av eksisterande hytter

Det er stor forskjell på områdene i leveområde til villreinen, og ein har best forutsetningar lokalt til å gjere dei skjønnsmessige vurderingane. Lesja kommune legger ikkje opp til oppføring av nye fritidsbustadar i leveområde til villreinen. Vidare så meiner ein det bør vere opning for lokalt skjønn til modernisering av eldre hytter og mindre utvidingar.

Det bør generelt vere opning for pragmatiske løysingar kor ein lokalt kan fråvike enkelte føresegn av omsyn til villrein.

6. Oppkjøp og fjerning av hytter

Lesja kommune er redd for at dette er starte på ein prosess som kjem til å ende med tvangssal av eigedomar, og stiller seg derfor negative til tiltaket.

7. Redusere risiko for smitteoverføring – saltplassar

Lesja kommune er positive til auka kunnskap. Vedrørande saltplassar må ein kome til gode løysingar i samhandling med beitenøringa. Bøndene har ein allereie travel kvardag, nye løysingar for saltplassar må vere praktiske og unngå lange byråkratiske prosessar. Tiltaket som medføre kostnad til beitelag eller bonden må kompensast.

Opent møte i Lesja kultursal 9.april om tiltaksplan for Snøhetta villreinområde.

Statssekretær i Klima- og miljødepartementet, Kristoffer André Hansen, opna med kort gjennomgang av tiltakspakkane. «Alle kan ikkje gjere alt, men alle kan gjere noko».

Innspela frå salen var frå forskjellige interesse punkt med meningar om for lite inngrepane tiltak for å bevare villrein medan andre meinte at tiltaka var for inngripande.

Tema gjekk i hovudsak på: Villrein, rovdyr, stenging av vegar, DNT lite røyrt av tiltak mm.

Vurdering

Tiltaksplanen er delt opp i tiltakspakkar innfor tematikk og geografi.

Dei overordna tiltaka på nasjonalt og regionalt nivå vert utført av departement, direktorat, statsforvaltar og fylkeskommune. For desse tiltaka er det ikkje frivillig tilslutning, døme sjå tiltak 1 Statlege planretningslinjer.

For dei konkrete tiltaka er det oppfordring til at aktørane frivillig sluttar seg til gjennomføring av tiltaka, døme sjå tiltak 17 redusere opningstid Dalsidevegen.

Tiltakspakke 1: En mer helhetlig og restriktiv arealplanlegging og arealforvaltning	
1	Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
2	Vurdere endringer i rundskriv T2/16 for å bidra til en mer helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet
3	Revidere kommunale planer (planvask) og basere fremtidig utbygging på oppdatert kunnskap og en sterkere vektlegging av villreinhensyn
4	Regionale tiltak for arealforvaltningen i Snøhetta villreinområde
5	Høy terskel etter sektorregelverk for nye arealinngrep i Snøhetta villreinområde
6	Vurdere om villreinnemnda bør gjøres til høringspart i alle dispensasjonssaker som berører villreinen i Snøhetta villreinområde
7	Styrking av Norsk Villreinsenter som kompetansesenter for villrein
8	Dialogforum for villreinforvaltning
9	Kompetanseheving om villrein for kommunestyre og fylkesting
10	Samlet vurdering av nasjonale naturrestaureringsprosjekter for å gjenopprette trekk mellom villreinområder og bedre tilstanden til villreinen frem mot 2050

Statlege retningslinjene vart vedtatt 24.01.25 og er dermed gjeldande og førande for all saksbehandling etter plan- og bygningslova, [lenke til lovdata](#). Retningslinjene setter føring for korleis ein skal behandle og vektlegge moment i planprosessar, td punkt 3.8 Villrein:

3.8 Villrein: Arealplanleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Dette innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder.

Endring av rundskrivet T2/16 handlar om å tydeleggjere korleis miljøforvaltninga (td Statsforvalteren) skal bruke verkemiddelet innseiing i forbindelse med kommunal planlegging. Dette kan føre til at Statsforvalteren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyre. Lesja kommune har erfart dei siste åra at den lokale vurderinga av mindre tiltak i villreinområde vert overstyrt av Statsforvalteren.

- Kommunedirektøren meiner det bør skiljast på mindre og store tiltak i rundskrivet for korleis Statsforvalteren skal bruke verkemiddelet innseiing.
 - Små tiltak som små utvidingar, utedo mm.
 - Store tiltak som nye hyttefelt, vindmøller mm

Revidering av gjeldande regionalplan for Snøhetta villreinområde, [lenke](#), vil truleg før til ei generell innstraming av handlingsrommet i villreinområde og buffersonene. Lesja kommune vil vere ein part i revidering av regionalplan for Snøhetta villreinområde.

Lesja kommune praktiserer allereie å inkludere villreinnemnd og -utval som høringspart i relevante saker.

Lesja samfunnet har lang erfaring med villrein, og det er eit generelt godt kunnskapsgrunnlag lokalt. Auka kunnskap eller repetisjon er positivt for at politikarar sitter med eit vidare godt kunnskapsgrunnlag

Kommunedirektøren meiner at det er nødvendig med overordna retningslinjer for at villrein får tillagt eit riktig fokus og ein likare praksis i kommunane. Vidare så er det fleire av tiltaka som kan avgrense den lokale myndigheita, tiltak 2 og 4. Det er viktig for Lesja kommune å bevare lokal myndigheit for å ivareta dei lokale interessene. Lesja kommune er positive til vidareutvikling av eksisterande næringar, turisme og tilleggsnæringar for landbruk.

Tiltakspakke 2a: Gjenopprette et funksjonelt trekk mellom Snøhetta øst og vest – nord for Aursjøen	
11	Informasjons- og kanalisierende tiltak for å begrense ferdsel på Torbuhalsen
12	Sperre for gjennomkjøring av Aursjøvegen
13	Sykkelforbud på Aursjøvegen fra Krøsbekken til hytteområder ved Aursjøen i Molde kommune
14	Kortere åpningstid på Aursjøvegen fra Eikesdalen til Aursjøen
15	Kortere åpningstid på Aursjøvegen fra Litldalen til Krøsbekken
16	Innføre campingforbud og fjerne muligheter for villcamping langs Aursjøveien
Tiltakspakke 2b: Gjenopprette et funksjonelt trekk mellom Snøhetta øst og vest – sør for Aursjøen	
17	Redusere åpningstiden og redusere motorisert ferdsel på Dalsidevegen
18	Innføre campingforbud og fjerning av muligheter for villcamping langs Dalsidevegen med sideveier

Campingforbud langs Dalsidavegen for å hindre villcamping kan være positivt for både villrein og næringsutvikling at camping vert kanalisert til campingplassane.

Avgrensing i opningstid til Dalsidavegen er foreslått med to alternativ. Det er unntak frå opningstida til landbruksaktivitet og oppsynsverksemd.

- **Alternativ 1: Open for allmennferdsel 15.juni – 30. oktober.**
- **Alternativ 2: Open for allmennferdsel 1.juni – 30. oktober og i påska.**

Vidare at vegen kan stengast på kort varsel dersom villrein trekker inn i området enkelte dagar, og vegen kan nettstengast om det er behov for det.

Ferdsel på Dalsidavegen er mindre utanom i juli, august og september. Det vil seie at innskrenking av opningstid i hovudsak vil treffe den lokale bruken, samt jakt, sanking, og enkelt friluftsliv med meir.

Dalsidevegen er ein viktig veg for fleire brukergrupper. Vegen er ikkje ein gjennomfartsveg, og er i dag ope vår - sommar og haust ettersom været tillet det. Vegen stengast normalt 1.desember og opnar igjen til vinterferien og påskeferien fram til Kvitkrysset, og deretter stengt fram til været og tørken let den opne att i løpet av mai månad. Vegen er viktig for å kunne forvalte fleire bruksrettigheitar innanfor Dalsida statsalmenning med hogst, fiske, jakt av villrein, rype, rådyr, hjort og elg. Setring og utmarksbeite er viktig for landbruket og kulturlandskapet. Vegen er også viktig som tilsynsadkomst og forbetringar av høgspent og installasjonar til Aursjøbassenget for Statnett, dette er nasjonalt viktig kraftproduksjon. Andre brukergrupper av vegen er ulike næringsverksemd, friluftsliv, turistar og hytteeigarar og elles av lokalbefolkning. Tilsyn og forvaltning av rovviltstamma med jerv, telling, skadefelling, lisensfelling med meir er også viktig. Område er viktig for Lesja fjellstyre si forvaltning av området, og for andre forvaltningsorgan og for forskning. Alle brukergruppene er viktige for å ha økonomi til å oppretthalde drift av vegen.

Dalsida skil seg ut ved at den har eit tydleg landbrukspreg med aktivt setermiljø og beitebruk. Seter og hytter på Dalsida er i stor grad eigd av lokale personar eller personar med lokal tilknytting. Om vegen vert stengt større delar av året, vil det auka snøskuter ferdsel for frakt av proviant og brensel medan fleire vil truleg krysse over fjellområde til seter og hytter, og meir bruk av sykkel og andre framkomstmidlar.

Redusert opningstid vil i eit lengre perspektiv føre til redusert økonomi i vegstyre og redusere kvaliteten på ferdselsvegen til viktig landbruksressurs. Med klimaendring og tidlegare vår kan det vere realistisk å ta vegen meir bruk til landbruksverksemd i mai.

Forslaget i tiltaksplanen er at sjå til tidspunkta Jora landskapsvernområde med vegen inn til Skamsdalen og Reindøl og Svartdalen er open. Dette meiner kommunedirektøren vert for strengt, da det skal vere ein forskjell på forvaltning av areal som er forvalta etter

naturmangfaldlova og er verna, og dei som ikkje er det. Det har vore ei viktig sak at botnen av Dalsida ikkje skal vernas og innlemmas med dei same vernereglane. Dette er ei av få brukssoner i Lesja, men som vert forvalta på ein klok og restriktiv måte. **Tidspunkta for bruken av vegen må derfor avklarast lokalt og basere seg på lokale forhold.** Alternativ 1 er ikkje aktuell. Alternativ 2 med nokre tilpassingar er noko Lesja kommune kan vere med å sjå på, men opning av vegen 1.juni er for seint for fleire viktige brukergrupper, samt at 30.oktober kan vere for tidleg å stenge i forhold til ettersyn og anna tilsyn.

Tiltakspakke 3: Opprettholde og bedre villreinens trekkmuligheter øst for Snøhetta-massivet	
19	Begrense ferdsel langs Snøheimvegen og antallet daglige bussavganger til Snøheim
20	Legge ned stien gjennom Stropsjødalen
21	Begrense åpningstidene for Reinheim turisthytte
22	Regulering av fuglehundprøver vest for E6 over Dovrefjell (22a) og taksering (22b)
23	Vurdere campingforbud og fjerning av muligheter for villcamping langs E6 over Dovrefjell
24	Styre ferdsel til Viewpoint Snøhetta
Tiltakspakke 4a Snøhetta vest - Opprettholde og bedre villreinens trekkmuligheter innad i Snøhetta vest villreinområde	
25	Redusere åpningstidene på Aursjøvegen fra Eikesdalen til Aursjøen (<i>tilsvarer tiltak 14</i>)
26	Innføre campingforbud og fjerne muligheter for villcamping langs Aursjøvegen (<i>tilsvarer tiltak 16 og 32</i>)
Tiltakspakke 4b Snøhetta vest - Ivareta urørte områder og trekkpassasjer som villreinen bruker i dag	
27	Stenge veien inn Sandgrovbotn for allmenn motorferdsel
28	Innføre sykkelforbud på Sandgrovbotnveien
29	Unngå å legge til rette for ferdsel inn i villreinområdet fra alpinanlegg og hytteområder på Bjorli
30	Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trasé
31	Ta ut planer om videre utbygging av alpinanlegg og hytteområder i Eikesdalen av kommuneplanens arealdel
32	Innføre campingforbud og fjerne muligheter for villcamping langs Aursjøveien (<i>tilsvarer tiltak 14 og 26</i>)

Lesja kommune bidrar aktivt til friluftstiltak i dalbotnen for å auke kanalisering vekk frå fjellområde og villreinområde. Bjorli-Lesja Løypelaget har lagt om fjelløypa med omsyn til villrein som i praksis har gjort løpane om til 1 trase i utkant av fjellområde. Tillatinga til trakking av Fjelløypa og Kongelbergløypa går ut etter påske. Ein må då ta ei konkret vurdering om den vidare bruken av langrennstrase i fjellområdet.

Dei som held seg til langrennssporet er eit lite problem på Bjorli for villrein. Det er usikkerheit om kanalisering av langrennstrase i fjellet skapar auka ferdsel inn til fjelltoppar og fjellområde. Dei seinare åra har det kome ein ny skiaktivitet, skisegling/snowkiting. Dette er ein ferdselsteknikk som kan ta ein raskt og langt inn i fjellområde.

Kommunedirektøren meiner det er viktig med langrennstilbod i fjellområde for å redusere ferdsel til toppar og inn i sårbare områder. Lesja kommune skal fortsette med tilrettelegging for å kanalisere ferdsel, men er bekymra for den potensielle vidare bruken av snowkiting.

Tiltakspakke 5 - Bestandsforvaltning	
33	GPS-prosjekt
34	Prioritere ressurser til tellinger av villrein
35	Ny bestandsmodell/høstingsmodell
36	Analysere Snøhetta øst og vest hver for seg
37	FoU-prosjekt i Rondane, Knutshø eller Snøhetta om rovvilt og villrein
38	Forbedre mengden av og kvaliteten på jegerrapportering

Oppdatert og auka kunnskapsgrunnlag er sentralt for den vidare forvaltninga av villrein, samt eit grunnlag for analysing om iverksette tiltak gir effekt.

Tiltakspakke 6 - Redusere negativ påvirkning på villreinen	
39	Vurdere regelverksendringer for å muliggjøre regulering av ulike former for ferdsel innenfor verneområder i Snøhetta villreinområde
40	Kanalisering av ferdsel gjennom sti- og løypeplaner i Snøhetta villreinområde
41	Ferdselsrelaterte informasjons- og veiledningstiltak i Snøhetta villreinområde
42	Regulere organisert ferdsel
43	Reduksjon og tilpasning av motorferdsel i utmark i villreinområder
44	Økt kunnskap og bedre samordning av motorferdsel i utmark i villreinområder
45	Digital saksbehandling og rapportering for motorferdsel i utmark
46	Vurdere styrking av villreinoppsyn og forvaltning
47	Operasjonalisering av villreinfond
48	Tilrettelegging for økt sikkerhet, kvalitet og profesjonalitet i guidede reiselivsopplevelser, ved å støtte opp under arbeidet med en Norsk Standard for guider.
49	FOU-prosjekt om klimaendringers påvirkninger på villrein
50	Inngå samarbeid med beitenæringen for å vurdere tiltak som eksempelvis plassering, utsetting og reduksjon av antall saltsteinplasser, parasittbehandling før beiteslipp, områdebruk mv.
51	Regulering av ferdsel utenfor verneområder i Snøhetta villreinområde

Lesja kommune har ein streng praksis for motorferdsel i utmark. For den nye perioden med snøskuterkonsesjon er det pålagt leigekøyrarane å rapportere køyrebookane digitalt for å få ei betre oversikt av den faktiske bruken og denne eit statistisk grunnlag.

Lesja kommune er positive til auka kunnskap. Vedrørande saltplassar må ein kome til gode løysingar i samhandling med beitenæringa. Bøndene har ein allereie travel kvardag, nye løysingar for saltplassar må vere praktiske og unngå lange byråkratiske prosessar. Tiltaket som medføre kostnad til beitelag eller bonden må kompensast.

Tiltakspakke 7: Evaluering, oppfølging og revidering av tiltaksplanen	
52	Evaluering av tiltaksplanen for Snøhetta villreinområde
53	Oppfølging og revidering av tiltaksplanen for villreinen i Snøhetta villreinområde

Det vil vere nødvendig å evaluerer effekt av tiltak og eventuelt revidere tiltaksplanen i tråd med det.

Oppsummering

Kommunedirektøren vil understreke at Lesja kommune har lang erfaring med villrein, dette har gitt oss eit godt kunnskapsgrunnlag lokalt. Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt. Mykje av utfordringane som i dag gir negativ effekt på villrein kjem av nasjonal og regionale interesser slik som kraftinstallasjonar og turisme.

Hovudpoeng med tiltaksplanen må vere å få effekt! Ein bør dermed fokusere på store tiltak som faktisk kan gi effekt fram for å gjere fleire mindre lokale tiltak.

Dokument

Vedlegg

- 1 Vedlegg 2 - Forslag til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde.pdf
- 2 Høringsnotat tiltaksplaner etter kvalitetsnorm for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområder.pdf
- 3 Innspel frå Lesja kommune til behandling av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde - 26.09.24
- 4 Protokoll - Kommunestyrets behandling av sak 27-2023 den 22.06.23

Innstilling:

Innspel frå Lesja kommune til klima- og miljødepartementet si høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde:

Hovudmoment frå Lesja kommune

- Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.
- Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gje effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt.
 - Lesja kommune foreslår nedgraving av kraftlinjer som delar Snøhetta villreinområde i Vest og Aust og fjerne kraftlinja, Osbulinja, som delar i Snøhetta villreinområde i aust og vest. Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.
- Lesja kommune meiner det bør gjerast meir forskning på rovdyr sin effekt på villreinen, særleg no som bestanden er svekka/reduisert, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.
- Det må følgje økonomiske kompensasjon for å dekke auka kostnad eller reduserte inntekter ved gjennomføring av tiltak.
- Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs, og det er ingen gjennomkøyringsveg der.
- Militærets aktivitet i villreinområde bør reduserast i sårbare periodar og i utvalde områder. Militæret er ein del av den totale belastninga i område.
- Det bør setjast av meir ressursar for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, dei siste åra.

Lesja kommune er positiv til følgjande tiltak, liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Tiltak 1 Statlege planretningslinjer
- Tiltak 4 Revidering av regionalplan for villreinområde
- Tiltak 6 Villreinnemnd høyringspart

- Ein variant av tiltak 17 alternativ 2 Redusert opningstid Dalsidevegen med lokalt bestemte opningstidspunkt. Vegen må opnas før 1.juni, og mot vinteren stenger vegen seg sjølv. stenging av vegen dersom villrein trekker inn i området er positivt.
- Tiltak 18 Campingforbod for villcamping langs Dalsidevegen.
- Tiltak 29 Unngå tilrettelegging for ferdsel inn i villreinområde på Bjorli. Lesja kommune arbeidar aktivt saman med lokale aktørar og frivillige organisjonar med kanalisering av ferdsel med omsyn til villrein i heile kommunen.
- Tiltak 30 Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trase. Løypelaget har lagt om fjelløypa som i praksis har gjort løpane om til 1 samanhengande trase i utkant av fjellområde.
- Tiltak 50 Samarbeid med beitenæringa om saltsteinplassar og parasittbehandling der det er akseptert lokalt. Tiltak må vere frivillige og det må ikkje føre til nye byråkratiske prosessar for beitenæringa. Saltsteinplassar er nødvendig for å kunne drive utmarksbeite.
- Lesja kommune er positive til auka kunnskap, tiltak for forskning og formidling.
- Lesja kommune er positive til reduksjon av motorferdsel i utmark.

Lesja kommune er negative til følgjande tiltak liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Lesja kommune er negative til tiltak som redusere det lokale sjølvstyre.
- Tiltak 2 Revidering av rundskriv T2/16. Dette kan føre til at Statsforvaltaren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyre. Ved ei eventuell gjennomføring av revidering må det skiljast på kva som er store og små tiltak. Små tiltak kan til dømes vere mindre utvidingar av eksisterande bygg, oppføring av ute do og vedskjul mm. Store tiltak kan til dømes vere oppretting av nye hyttefelt, vindmøller.
- Tiltak 17 alternativ 1 med redusert opningstid av Dalsidevegen.

Per Dag Hole
kommunedirektør

Forvaltningsutvalgets behandling av sak 13/2025 i møte den 29.04.2025:

Behandling

Kommunedirektørens innstilling enstemmig vedtatt.

Vedtak

Innspel frå Lesja kommune til klima- og miljødepartementet si høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde:

Hovudmoment frå Lesja kommune

Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.

Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gje effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt.

Lesja kommune foreslår nedgraving av kraftlinjer som delar Snøhetta villreinområde i Vest og Aust og fjerne kraftlinja, Osbulinja, som delar i Snøhetta villreinområde i aust og vest. Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.

Lesja kommune meiner det bør gjerast meir forskning på rovdyr sin effekt på villreinen, særleg no som bestanden er svekka/redusert, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.

Det må følgje økonomiske kompensasjon for å dekke auka kostnad eller reduserte inntekter ved gjennomføring av tiltak.

Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs, og det er ingen gjennomkøyringsveg der.

Militærets aktivitet i villreinområde bør reduserast i sårbare periodar og i utvalde områder. Militæret er ein del av den totale belastninga i område.

Det bør setjast av meir ressursar for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, dei siste åra.

Lesja kommune er positiv til følgjande tiltak, liste etter tiltaksnr. i høyring:

Tiltak 1 Statlege planretningslinjer

Tiltak 4 Revidering av regionalplan for villreinområde

Tiltak 6 Villreinnemnd høyringspart

Ein variant av tiltak 17 alternativ 2 Redusert opningstid Dalsidevegen med lokalt bestemte opningstidspunkt. Vegen må opnas før 1.juni, og mot vinteren stenger vegen seg sjølv. stenging av vegen dersom villrein trekker inn i området er positivt.

Tiltak 18 Campingforbod for villcamping langs Dalsidevegen.

Tiltak 29 Unngå tilrettelegging for ferdsel inn i villreinområde på Bjorli.

Lesja kommune arbeidar aktivt saman med lokale aktørar og frivillige organisjonar med kanalisering av ferdsel med omsyn til villrein i heile kommunen.

Tiltak 30 Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trase.

Løypelaget har lagt om fjelløypa som i praksis har gjort løpane om til 1 samanhengande trase i utkant av fjellområde.

Tiltak 50 Samarbeid med beitenæringa om saltsteinplassar og parasittbehandling der det er akseptert lokalt. Tiltak må vere frivillige og det må ikkje føre til nye byråkratiske prosessar for beitenæringa. Saltsteinplassar er nødvendig for å kunne drive utmarksbeite.

Lesja kommune er positive til auka kunnskap, tiltak for forskning og formidling.

Lesja kommune er positive til reduksjon av motorferdsel i utmark.

Lesja kommune er negative til følgjande tiltak liste etter tiltaksnr. i høyring:

Lesja kommune er negative til tiltak som redusere det lokale sjølvstyre.

Tiltak 2 Revidering av rundskriv T2/16. Dette kan føre til at Statsforvaltaren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyre.

Ved ei eventuell gjennomføring av revidering må det skiljast på kva som er store og små tiltak. Små tiltak kan til dømes vere mindre utvidingar av eksisterande bygg, oppføring av ute do og vedskjul mm. Store tiltak kan til dømes vere oppretting av nye hyttefelt, vindmøller.

Tiltak 17 alternativ 1 med redusert opningstid av Dalsidevegen.

Formannskapetets behandling av sak 17/2025 i møte den 30.04.2025:

Behandling

Rettskriving av innstilling etter innspel frå formannskapet

Hovudmoment punkt 3 og 7 slåast saman til eitt punkt

- Lesja kommune meiner det bør gjerast meir forskning på rovdyr sin effekt på villreinen, særleg no som bestanden er svekka/ redusert, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.

- Det bør setjast av meir ressursar for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, dei siste åra.

Endrast til eitt punkt:

Det bør setjast av meir ressursar til forskning for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.

Votering: Kommunedirektøren si innstilling med forslag til samanslåing av pkt 3 og pkt 7 under hovudmomenta vedteke - Einstemmig.

Vedtak

Innspel frå Lesja kommune til klima- og miljødepartementet si høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde:

Hovudmoment frå Lesja kommune

- Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.
- Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gjev effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt.
 - Lesja kommune foreslår nedgraving av kraftlinjer som deler Snøhetta villreinområde i vest og aust og fjerne kraftlinja, Osbulinja, som deler Snøhetta villreinområde i aust og vest. Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.
- Det bør setjast av meir ressursar til forskning for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.
- Det må følgje økonomiske kompensasjon for å dekke auka kostnad eller reduserte inntekter ved gjennomføring av tiltak.
- Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs, og det er ingen gjennomkøyringsveg der.
- Militæret sin aktivitet i villreinområder bør reduserast i sårbare periodar og i utvalde områder.
Militæret er ein del av den totale belastninga i området.

Lesja kommune er positiv til følgjande tiltak, liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Tiltak 1 Statlege planretningslinjer
- Tiltak 4 Revidering av regionalplan for villreinområde
- Tiltak 6 Villreinnemnd høyringspart
- Ein variant av tiltak 17 alternativ 2 Redusert opningstid Dalsidevegen med lokalt bestemte opningstidspunkt. Vegen må opnas før 1.juni, og mot vinteren stenger vegen seg sjølv. stenging av vegen dersom villrein trekker inn i området er positivt.
- Tiltak 18 Campingforbod for villcamping langs Dalsidevegen.
- Tiltak 29 Unngå tilrettelegging for ferdsel inn i villreinområde på Bjorli. Lesja kommune arbeider aktivt saman med lokale aktørar og frivillige organisjonar med kanalisering av ferdsel med omsyn til villrein i heile kommunen.
- Tiltak 30 Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trasé. Løypelaget har lagt om fjelløypa som i praksis har gjort løpene om til 1 samanhengande trase i utkant av fjellområde.
- Tiltak 50 Samarbeid med beitenæringa om saltsteinplassar og parasittbehandling der det er akseptert lokalt. Tiltak må vere frivillige og det må ikkje føre til nye byråkratiske prosessar for beitenæringa. Saltsteinplassar er nødvendig for å kunne drive utmarksbeite.
- Lesja kommune er positive til auka kunnskap, tiltak for forsking og formidling.
- Lesja kommune er positive til reduksjon av motorferdsel i utmark.

Lesja kommune er negative til følgjande tiltak liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Lesja kommune er negative til tiltak som redusere det lokale sjølvstyre.
- Tiltak 2 Revidering av rundskriv T2/16. Dette kan føre til at Statsforvaltaren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyret. Ved ei eventuell gjennomføring av revidering må det skiljast på kva som er store og små tiltak. Små tiltak kan til dømes vere mindre utvidingar av eksisterande bygg, oppføring av utedo og vedskjul mm. Store tiltak kan til dømes vere oppretting av nye hyttefelt, vindmøller.
- Tiltak 17 alternativ 1 med redusert opningstid av Dalsidevegen.

Kommunestyrets behandling av sak 24/2025 i møte den 08.05.2025:

Behandling

Endringsforslag Fra Odd Andre Morken (SP)

- Det bør setjast av meir ressursar til forsking for å betre kunnskapsgrunnlag for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr.
- Staten bør setje av meir ressursar til forsking for å betre kunnskapsgrunnlaget for rovdyr sin

effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr. Sett i samanheng med resultatet av slik forskning og faktum at havørnbestanden har meir enn dobla seg sidan 2002 (<https://snl.no/hav%C3%B8rn>), bør forvaltninga vurdere om bestandsmåla og samansetninga av villreinstammen er riktig.

Votering

Votering startet: 08.05.2025 19:52:59 og avsluttet: 08.05.2025 19:53:27

Forslaget er enstemmig vedtatt

Stemte for partier: UAV (6 stemmer), SP (4 stemmer), AP (4 stemmer), H (2 stemmer)
Stemte for personer: Elin Randi Johnson (AP), Emil Nørstebø (AP), Gry Sletta (AP), Liv Enstad (AP), Ann-Kathrin Storhaug von Rappe (H), Aslak Enstad (H), Dag Christian Hole (SP), Erling Lyftingsmo (SP), Mariann Skotte (SP), Odd Andre Morken (SP), Anna Olea Bakken (UAV), Audny Bakken (UAV), Eivind Bakken (UAV), Ellen Sørungård Syse (UAV), Erik Slettahaug (UAV), Marita Lindbom Skotte (UAV)

Votering

Votering startet: 08.05.2025 19:53:47 og avsluttet: 08.05.2025 19:54:04

Forslaget er enstemmig vedtatt

Stemte for partier: UAV (6 stemmer), AP (4 stemmer), SP (4 stemmer), H (2 stemmer)
Stemte for personer: Elin Randi Johnson (AP), Emil Nørstebø (AP), Gry Sletta (AP), Liv Enstad (AP), Ann-Kathrin Storhaug von Rappe (H), Aslak Enstad (H), Dag Christian Hole (SP), Erling Lyftingsmo (SP), Mariann Skotte (SP), Odd Andre Morken (SP), Anna Olea Bakken (UAV), Audny Bakken (UAV), Eivind Bakken (UAV), Ellen Sørungård Syse (UAV), Erik Slettahaug (UAV), Marita Lindbom Skotte (UAV)

Tilleggsforslag til vedtak på vegner av kommunestyregruppa i Lesja AP og Lesja H

- Stenge Snøheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år.
- Stenge Reinheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år. Forbu mot fuglehundprøver vest for E6 over Dovrefjell.
- Fjellvegen på Lesjaverk er åpen for alminnelig ferdsel fra 1. juni til vinteren stenger vegen, med unntak av bruk knyttet til landbruksnæring, oppsyn og tilsyn.
- Sandgrovbotnvegen stenges for motorisert ferdsel, men unntak av landbruksnæring, kraftregulant, oppsyn og tilsyn.

Tilleggsforslaget er enstemmig vedtatt

Vedtak

Innspel frå Lesja kommune til klima- og miljødepartementet si høyring av tiltaksplan for Snøhetta villreinområde: Hovudmoment frå Lesja kommune

- Lesja kommune vil bevare lokal myndigheit til å fatte gode løysingar for lokalsamfunnet og ivaretaking av villrein lokalt.
- Lesja kommune meiner det bør setjast i verk store tiltak som gjev effekt, framfor mange små tiltak med liten effekt. o Lesja kommune foreslår nedgraving av kraftlinjer som deler Snøhetta villreinområde i vest og aust og fjerne kraftlinja,

Osbulinja, som deler Snøhetta villreinområde i aust og vest. Kraftlinje er potensiell barriere for villrein, og fjerning av Osbulinja har liten til ingen verknad på samfunnet.

- Staten bør setje av meir ressursar til forskning for å betre kunnskapsgrunnlaget for rovdyr sin effekt på villrein. Lokalt observerast det mange fleire rovdyr, særleg ørn, vidare så bør ein også effektivisere uttaket av rovdyr. Sett i samanheng med resultatet av slik forskning og faktum at havørnbestanden har meir enn dobla seg sidan 2002 (<https://snl.no/hav%C3%B8rn>), bør forvaltninga vurdere om bestandsmåla og samansetninga av villreinstammen er riktig.
- Det må følgje økonomiske kompensasjon for å dekke auka kostnad eller reduserte inntekter ved gjennomføring av tiltak.
- Dalsida skil seg ut frå andre dalområder i Snøhetta villreinområde med at det har betydeleg landbruksinteresse ved setermiljø og beiteressurs, og det er ingen gjennomkøyringsveg der.
- Militæret sin aktivitet i villreinområder bør reduserast i sårbare periodar og i utvalde områder. Militæret er ein del av den totale belastninga i området.

- Lesja kommune er positiv til følgjande tiltak, liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Tiltak 1 Statlege planretningslinjer
- Tiltak 4 Revidering av regionalplan for villreinområde
- Tiltak 6 Villreinnemnd høyringspart
- Ein variant av tiltak 17 alternativ 2 Redusert opningstid Dalsidevegen med lokalt bestemte opningstidspunkt. Vegen må opnas før 1.juni, og mot vinteren stenger vegen seg sjølv. stenging av vegen dersom villrein trekker inn i området er positivt.
- Tiltak 18 Campingforbod for villcamping langs Dalsidevegen.
- Tiltak 29 Unngå tilrettelegging for ferdsel inn i villreinområde på Bjorli. Lesja kommune arbeider aktivt saman med lokale aktørar og frivillige organisjonar med kanalisering av ferdsel med omsyn til villrein i heile kommunen.
- Tiltak 30 Erstatte Fjelløypa og Kongelbergløypa på Bjorli med ny trasé. Løypelaget har lagt om fjelløypa som i praksis har gjort løpene om til 1 samanhengande trase i utkant av fjellområde.
- Tiltak 50 Samarbeid med beitenæringa om saltsteinplassar og parasittbehandling der det er akseptert lokalt. Tiltak må vere frivillige og det må ikkje føre til nye byråkratiske prosessar for beitenæringa. Saltsteinplassar er nødvendig for å kunne drive utmarksbeite.
- Lesja kommune er positive til auka kunnskap, tiltak for forskning og formidling.
- Lesja kommune er positive til reduksjon av motorferdsel i utmark.
- Stenge Snøheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år.

- Stenge Reinheim turisthytte i en prøveperiode på 5 år. Forbu mot fuglehundprøver vest for E6 over Dovrefjell.
- Fjellvegen på Lesjaverk er åpen for alminnelig ferdsel fra 1. juni til vinteren stenger vegen, med unntak av bruk knyttet til landbruksnæring, oppsyn og tilsyn.
- Sandgrovbotnvegen stenges for motorisert ferdsel, men unntak av landbruksnæring, kraftregulant, oppsyn og tilsyn.

- Lesja kommune er negative til følgende tiltak liste etter tiltaksnr. i høyring:

- Lesja kommune er negative til tiltak som redusere det lokale sjølvstyret.
- Tiltak 2 Revidering av rundskriv T2/16. Dette kan føre til at Statsforvaltaren i større grad vil gripe inn i lokalforvaltning og innskrenke det lokale sjølvstyret. Ved ei eventuell gjennomføring av revidering må det skiljast på kva som er store og små tiltak. Små tiltak kan til dømes vere mindre utvidingar av eksisterande bygg, oppføring av utedo og vedskjul mm. Store tiltak kan til dømes vere oppretting av nye hyttefelt, vindmøller.
- Tiltak 17 alternativ 1 med redusert opningstid av Dalsidevegen.